Fylkesmannen i Hordaland

Rapport frå inspeksjon ved Bjørke Invest AS 20. juni 2011

Namn på verksemda:	Bjørke Invest AS	**Tidsrom for kontrollen:**	20.06.2011
Adressa til verksemda:	Bjørkemoen 56, 5700 Voss	**Rapportnr.:**	2011.034.I.FMHO
Utsleppsløyve av:	09.01.1981	**Arkivkode:**	2011/8287
Siste inspeksjon:	25.08.2004	**Anleggsnr.:**	1235.0019.01
		Organisasjonsnr.:	987641452 eigd av 987634030
Til stades frå verksemda:	John Erling Bjørke	**Til stades frå Fylkesmannen:**	Hallvard Hageberg Britt Solheim

Rapporten omtalar avvik og merknader som vi fann ved tilsynet.

Vi fann følgjande avvik:

1. Drift og kontroll med oljeutskiljar
2. Risikovurdering for ytre miljø

Frist for å rette avvika er 1. oktober 2011.

18. juli 2011	Kjell Kvingedal seksjonssjef	Britt Solheim overingeniør

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter ein inspeksjon ved Bjørke Invest AS sitt bilmottak på Bjørkemoen 20. juni 2011. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav for å verne miljøet mot forureining. Inspeksjonen har som mål at verksemda skal følgje miljøkrava. Rapporten inneheld avvik og merknader. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Avvik er brot på vilkår i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

Merknad er eit tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og blir lagt ut på nettstaden vår www.fylkesmannen.no/hordaland. De finn lover og forskrifter på www.regelhjelp.no.

2. Regelverk

Vi har ført tilsyn etter følgjande regelverk:

- Avfallsforskriften kapittel 4, § 4-7 og Vedlegg 1
- Forskrift om internkontroll
- Tillatelse etter forurensningsloven av 19. januar 1981

3. Tema

- Riktig miljøsanering av farleg avfall i bilar
- Forurensing ytre miljø
    - Forsøpling
    - Drift og kontroll av oljeutskiljar
    - Fast dekke og oppsamling av væskelekkasje
- Handtering av farlig avfall
    - Lagring
    - Deklarering
    - Sikring av større tankar
- Internkontroll med vekt på avvikshandtering og miljørisikoanalyse

Vi har ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda.

4. Avvik

Avvik 1: Drift og kontroll med oljeutskiljar

Avvik frå: Avfallsforskriften § 4-7, Vedlegg 1
Internkontrollforskriften § 5, punkt 6 og 7
Utslippstillatelsens punkt 5 av 19. januar 1981

1a) Utsleppskontroll med rensa vatn frå oljeutskiljar er ikkje god nok

Avviket byggjer på følgjande observasjonar:

Oljeutskiljaren var ny i 2005, type OBK 7-10 med koalesensfilter, sandfang 4 m^3 og dimensjonerande kapasitet på 7- 10 l/s.

Frå ein produsent av slike oljeavskiljarar er det oppgitt at oljeinnhaldet vil liggja i området 20 – 50 mg/l ved normal drift.

Verksemda har avtale med RagnSells på nabotomten om tøming og kontroll av oljeutskiljaren. Bjørke Invest AS betaler for tømming og prøvetaking. Kvitteringane for betalt tøming var datert 04.11.2009 og 30.09.2010. Funksjonsalarm er installert for slamavskilleren og varsling går til RagnSells.

Kapittel 15 i Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) gjeld for bensinstasjonar, vaskehall for kjøretøy, motorverkstader m.v, sjå § 15-1.

I § 15-10 i den same forskrifta står det:

"Tillatelser til utslipp av oljeholdig avløpsvann gitt i medhold av forurensningsloven og tilhørende forskrifter før 1. januar 2007, er fortsatt gjeldende med følgende endring:

> a) § 15-7 erstatter tillatelsens krav til utslipp fra 31. desember 2007, dersom tillatelsens krav til rensing er mer lempelig enn rensekravene i § 15-7."

Dette forstår vi slik at kravet til restinnhald for oljeutskiljaren til Bjørke Invest AS er 50 mg/liter.

Bjørke Invest AS kunne ved tilsynet ikkje sei om gjeldande grense på 50 mg/l er overhalden fordi dei ikkje hadde fått tilsendt analyseresultat frå prøvetakinga.

1b) Rutinar for drift av oljeavskiljar er ikkje tilfredsstillande

Avviket byggjer på følgjande observasjonar:

Det vart opplyst at det var alarm på oljeavskiljaren som gir signal når mengda avskilt olje når eit visst nivå. Verksemda hadde ikkje rutinar for periodisk tilstandskontroll av denne alarmen.

Avvik 2: Risikovurdering for ytre miljø

Avvik frå Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6

2b) Ikkje alle aktivitetane ved verksemda er risikovurderte

Avviket byggjer på følgjande observasjonar:

Ei miljørisikovurdering skal omfatta alle utslepp, operasjonar og hendingar som kan inntreffa på verksemda. Også dei tilfella ein har vurdert til å ha liten eller ingen risiko skal vera med i ei slik vurdering, m.a. fordi dette gjev ein dokumentasjon på korleis ein vurderte risikoen ved førre gjennomgang av risikovurderinga. Historikken er også ei god "sjekkliste" ved ny risikovurdering.

Ved tilsynet fann vi at risikoen for at oljeavskiljaren ikkje skulle fungera slik den var føresett ikkje var vurdert. Dette heng saman med avvik 1 ovanfor. Ei risikovurdering ville truleg ha vist at kunnskap om reinseeffekten er avgjerande for å kunna seia om avskiljaren fungerer slik den var tenkt eller ikkje.

Vi fann også at det ikkje var vurdert risiko for at farleg avfall kunne koma på avvegar ved pressing av sanerte bilvrak. Det var sett ut adsorpsjonsmiddel ved pressa, og det var ikkje spor etter olje eller liknande på og ved pressa. Det er truleg gjort ei vurdering av at dette er god nok sikring, med denne vurderinga var ikkje dokumentert.